



ÅRSMØTE
SOGNDAL IDRETTSKLAG FOTBALL
Org. nr. 980 973 689

Saksdokument

Handsama i styret 2./3. mars 2022
Lagt ut 3. mars 2022.

Innhald:

- Dagsorden, vedlagt – side 2
- Årsmelding, vedlagt – side 3
- Rekneskap, utkast til rekneskap (ikkje revidert) – side 9
- Innkomne saker, styret si innstilling (forslag som vedlegg) – side 13
- Budsjett, vedlagt – side 16
- Val, innstilling valkomité vedlagt – side 17

DAGSORDEN

SOGNDAL IDRETTSLAG FOTBALL, ÅRSMØTE 2022 FOSSHAUGANE, CAMPUS SOGNDAL 9.MARS 2022

Sakliste:

1. Opning ved leiar
 - I. Godkjenning av innkalling og sakliste
 - II. Val av ordstyrar
 - III. Val av skrivar
 - IV. Val av 2 til å underskrive protokollen

2. Godkjenning av årsmelding og rekneskap
Vedlagt årsmelding med vedlegg (rapport frå breiddestyret), side
Vedlagt utkast til rekneskap (ikkje revidert)
Revidert rekneskap med notar og revisor si melding vert lagt fram på møtet.

3. Innkomne saker
 - I. Forslag 1 v/medlem Vidar Vadseth (vedlagt, med styret si innstilling)
 - II. Forslag 2 v/medlem Vidar Vadseth (vedlagt, med styret si innstilling)
 - III. Forslag 3 v/medlem Vidar Vadseth (vedlagt, med styret si innstilling)
 - IV. Forslag 4 v/medlem Vidar Vadseth (vedlagt, med styret si innstilling)
 - V. Forslag 5 v/medlem Vidar Vadseth (vedlagt, med styret si innstilling)
 - VI. Forslag 6 v/medlem Vidar Vadseth (vedlagt, med styret si innstilling)

4. Budsjett 2022
Vedlagt.

5. Val
Innstilling frå valkomité ligg ved.

6. Open post.

**ÅRSMELDING 2021
– SOGNDAL IL FOTBALL**



Onsdag 2. mars 2022.

Sogndal Fotball
Postboks 164

6851 Sogndal

www.sogndalfotball.no



Visjon:

Utviklingsarena for toppfotball

Kjerneverdier:

***Ambisiøse**

***Utviklande**

***Inkluderande *Ærlege**

Organisasjon

Styret i Sogndal Fotball har i 2021 vore samansett slik:

- Jan Rune Årøy, leiar
- Margrete Svidal, nestleiar
- Trude Ramstad, styremedlem
- Einar Ylvisåker, styremedlem
- Ingvar Stadheim, styremedlem
- Andrea Solbakken, representant frå breiddestyret

Sogndal IL Fotball hadde ved årsskifte 8 administrative stillingar og 13 stillingar i sportsleg avdeling inkludert A-lag og utviklingsavdeling. I tillegg kjem spelartropp. Det vart i 2021 oppretta ei ny stilling som breiddekoordinator i klubben som tek seg av alt i breidden. Erling Ola Fykse kom inn i den jobben. Ole Erik Grinde er for tida konstituert dagleg leiar. Eirik Bakke har vore hovudtrenar.

Det har vore gjennomført 8 protokollerte styremøter, og behandla 39 saker. I tillegg til dei 8 styremøta er det halde fleire drøftings- og orienteringsmøter. Styret har og hatt fleire uprotokollerte samlingar i samband med tilsetting av ny Dagleg leiar. Styret er elles ofte samla rundt ulike event.

Arbeidsmiljøet i verksemda er godt. Det har vore lite langtidssjukemelde i klubben. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljø meir enn tilsvarande verksemdar.

Styret og leiinga ynskjer å fremje likestilling i klubben, og er klar over dei samfunnsmessige forventningane det er knytt til dette arbeidet.

Coronaåret

Til liks med 2020 har har også Sogndal Fotball i 2021 vore sterkt prega av coronasituasjonen Sjølv om A-laget starta oppkøyringa 15. januar vart ikkje serien sparka i gang før 15. mai.

Hovudsamarbeidspartnarar

Klubben nyt godt av langsiktige og stabile samarbeidspartnarar, og våre to generalsponsorar Sparebanken Vest og Lerum har bidrege gjennom mange år. Begge desse avtalane vart fornya og forlenga i 2021 noko me er særst glade for. Begge desse samarbeidspartane er uvurderlege i klubben sin ambisjon om å komme tilbake til eliteserien.

Sportsleg resultat a-laget

Inngangen til 2021 var spennande på mange vis. Det kom inn fleire spennande navn i troppen, samstundes som fleire med litt rutine gjekk ut og vidare til andre klubbar. Med coronautsetting av seriestarten i tillegg var det knytt stor spenning til seriestarten som ikkje vart blåst igang før 15. mai med ein publikumsbegrensing på 600. Dette talet vart auka til 2 000 frå 25 juni. Frå 2 oktober vart det opna for normal kapasitet.

Sesongstarten vart ikkje akkurat slik me hadde håpa. Første seriekamp var heime mot Ull/Kisa, og kampen enda 1-1. Dette vart fulgt opp med 2-1 tap borte mot Stjørdals-Blink, og eit 2-1 tap heime mot Fredrikstad i runde 3. Etter halvspelt serie hadde me 30 poeng, og låg på 2 plass. Etter siste runde enda me på 42p og 40-35 i måskilnad. Dette resulterte i kvalikplass mot KFUM Oslo borte. Ein kamp som enda 2-1 til dei, og dermed var sesongen over.

I NM kom me til runde 3 der det vart tap 2-0 heime mot Åsane.

Akor Jerome Adams vart Sogndal sin mestscorande i Obos-ligaen med 10 mål.

Årsmelding Sogndal 2

Sogndal 2 spilte i 2021 i 3. div avd. 4 Norsk Tipping-ligaen. Grunna coronasituasjon vart heile vårsesongen avlyst. Serien ble halvert og laga møtte kvarandre kun ein gang. I ein sesong som ble komprimert, ble SIL 2 utfordret med at mange av våre 2006 og 2005 måtte «bære» laget. Ned fra a-laget fikk vi hovudsaklig Noah Solskjær, Peter G Michael, Henri Järvelaid og Tobias Bjørnebye, se bort i fra Sandviken(b) og Bjarg(h) der flere a-spillere bidro.

De to nevnte kampene er der de to poenga ble «vunnet». Gode prestasjoner mot Stord(b) av Andreas Kalstad(2006) og Sander Kilen(2005). Kampen mot Brann2(b) ble en real utfordring der Brann benytter flere eliteseriespillere og vi får gode prestasjoner fra Jørgen Johnsen og Marius Årøy(2005). Det ble overvektig av kamper der uerfarne 16-åringer måtte stå i det.

Debutanter i 3.div:

Andreas Kalstad 2006

Mathias Øren 2006

Viljar Stavø 2006

Noah Heggstad 2006

Daniel Sætren 2006

Sondre Midtgjell 2005

Marius Årøy 2005

Sander Kilen 2005

Lidvin Hestetun 2005

Ingvar Kolbjørnsen 2005

Kristian Stenhaug 2005

Andreas Duesund 2005

Erik Flataker 2004

Sondre Andersen 2004

Stian Heggelund 2004

Marius Ylvisåker 2004

Mikal Dahlen 2002

Sesongen vart gjennomført med at vi ikke oppnådde hovudmåla.

Målet må være å rykke opp til 3.div og ha det som utviklingssamtale så fort som mulig.

Årsmelding G19

Hovudmålet var å få mange referansekampar på Nasjonalt nivå(NM). Tap i runde 1 borte mot Fyllingsdalen viser litt hvor ungt lang vi hadde etter sommeren, men forhåpentligvis så tar våre 2006 og 2005 med seg erfaringene og utvikler seg til å bli toppspillere i klubb.

Trenarar: Patrik Karoliussen - Nils Tore Krosshaug – Lars Grønningsæter

Støtteapparat: Morten Rørstadbotten og Pål Sletten.

Samarbeidet mellom trenarar og støtteapparatet har fungert framifrå og har vore ein viktig del i å skape gode vilkår for spelarutvikling.

Sogndal 2 14. plass 3 div avd. 4

G19 Runde 1 - tap mot Fyllingsdalen(b).

Årsmelding G16 Nasjonal

- Dette er eit tilbud til utvalde spelarar i Sogn og Fjordane.
- For at alle skal få gode referansar på det aktuelle nivået.
- Spelarane spelar og trenar i eigen klubb. Dette er eit tilleggstilbud.
- ✓ Styrt av Sogndal Fotball.
- ✓ Trenarteam frå Sogndal Fotball.
- ✓ Deltar i G-16 nasjonal serie i ordrinær sesong.
- ✓ Vekefast trening i Sogndal, tysdag.
- ✓ Spelarar frå fotballkretsen hospiterer inn til Sogndal for å spele kampar.
- ✓ Einzelte spelarar er underlagt «Mentor programmet».
- ✓ Jobbar etter klubben sin “raude tråd”

Etter litt fram og tilbake med covidrestriksjonar kom seriekampane endeleg igang.

Starten på sesongen var meget god læring, der gutane fekk oppturar og nedturar i form av resultat. Hovudfokuset var og skal vere læring og utvikling, kva er neste?

Me lærte og utvikla oss godt gjennom sesongen. Spelte god og underhaldane fotball. Resultatet av det var at dette vart så bra at laget fekk reise til Gøteborg i desember som eit av tre norske lag for å representere Norge i Skandinavisk meisterskap. Her fekk me igjen nye og høgare referansar å strekke oss etter.

Me kan alle sjå tilbake på eit meget lærerikt år som definitivt gir ekstra inspirasjon for framtida.

Trenarar/Støtteapparat: Tommy Øren - Terje Skjeldestad - Knut Ripe – Erling Ola Fykse - Geir Inge Heggstad

Samarbeidet i trenarteamet/Støtteapparatet har fungert framifrå og har vore ein viktig del i å skape gode vilkår for spelarutvikling og trenarutvikling.

Plass	Lag	Kamper	Poeng
1	Brann G16	10	28
2	Viking G16	10	25
3	Molde G16	10	23
4	Sogndal G16	10	20
5	Haugesund G16	10	20
6	KBK G16	10	18
7	Vålerenga G16	9	17
8	Sandefjord Fotball G16	10	16
9	Aalesund G16	10	15
10	Bodø/Glimt G16	10	15
11	Strømsgodset G16	10	15
12	Stabæk G16	9	14
13	Odd G16	10	12
14	Rosenborg G16	10	12
15	Lillestrøm G16	10	12
16	Start G16	10	11
17	Åsane G16	10	9
18	Sarpsborg 08 G16	10	9
19	Kongsvinger G16	10	8
20	Fredrikstad G16	10	7
21	Tromsø G16	10	7
22	Mjøndalen G16	10	0

Økonomi

Rekneskapen for 2021 syner eit underskot på kr 3.246.526,- mot eit budsjett på – kr 0,-.

Underskotet i 2021 skuldast i hovudsak bortfall av markedsinntekter og kamp- og arrangementsinntekter som fall bort grunna corona og som me ikkje har fått dekka gjennom krisepakane. Noko av underskotet skuldast også auka driftskostnader og husleige i ny hall, samt auka energikostnader. I tillegg gjorde skadar og spelarsal ein vesentleg auke i lønnskostnader på innleige av spelarar.

Eigenkapitalen i verksemda er på kr 14.643.891,- ved utgangen av 2021. Konsolidert eigenkapital som ligg som grunnlag for klubbisensen er også positiv.

Styret stadfestar at føresetnaden om at drifta skal halde fram er til stade og at dette er lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapen.

Verv i NFF

Håvard Flo	Disiplinærutvalet
Margrethe Svidal	Konkurranseutvalet
Arild Hopen	Lisensnemda

I tillegg har vi fleire tilsette knytt til landslaga som t.d. Terje Skjeldestad i U21.

Breiddefotballen

Når det gjeld breiddefotballen, viser styret til eige årsrapportar breiddestyret (vedlagt).

Lerum Cup

Vart avlyst i 2021 grunna corona.

Samfunnsutvikling

Fosshaugane Campus utviklar seg stadig, og gjennom 2021 har det vore eit fullt driftsår i Innovasjonsbygget. Det vart i januar opna ein ny idrettshall i tilknytning til storhallen der Sognahallen AS er byggherre.

Styret i Sogndal Fotball vil rette ei takk til frivillige, tilsette, samarbeidspartnarar og alle andre som har bidrege i løpet av sesongen. Dette er eit viktig fundament for klubbdrifta.

Sogndal 2. mars 2022

Styret i Sogndal IL Fotball

Jan Rune Årøy
-styreleiar-

Margrete Svidal
- nestleiar-

Ingvar Stadheim
- styremedlem-

Trude Ramstad
- styremedlem-

Einar Ylvisåker
-styremedlem-

Andrea Solbakken
-styremedlem

Vedlegg:

Rapport frå breiddestyret 2021.

Rapport - Breiddestyret 2021

Desse har vert breiddestyre for Sogndal IL Fotball sesongen 2021:

Leiar: Karianne Brøndbo Bergheim
Medlemmar: Erik Stavø
Brede Nymark
Andrea Strand Solbakken
Yngve Hallén

I 2021 er arbeidet prega av følgjande saker:

- Få på plass trenar for damelaget
- Få på plass ein klubbkoordinator
- Handtere pandemi-utfordringar
- Få på plass kvalitetsklubb

Kvart lag sin rapport.

Kvart lag skal levere rapport for sin aktivitet innan 1. april. Desse vert redigert inn til eit dokument og lagt ut på heimesidene til klubben.

Sesongen 2021:

Sjølvsagt har pandemien prega aktiviteten i breidda. Vi er glade for at vi fekk på plass aktivitet raskt når dette var mogeleg innanfor statlege retningsliner. Breiddestyret takkar alle foreldre, trenarar, lagleiarar og andre rundt laga for at dette vart gjort på ein god måte.

Vi vil også takka klubben sitt styre og administrasjon for bidrag for å handtere sesong-utfordringar, kvalitetsklubb og organiseringa av trenarapparatet til damelaget. Spesiell takk til klubbkoordinator Erling Ola Fykse, som vart tilsett i klubben i juni 2021. Hans bidrag har gjort arbeidet i breiddestyre enklare, og vi er sikrar at vi vert ein meir profesjonell klubb i breidda med ei slik rolle på plass.

I tillegg er det etablert ein ny klubb, der satsinga på toppen på kvinnesida vert samordna mellom Sogndal IL Fotball og Kaupanger IL. Vi ser fram til eit godt samarbeid med den nye klubben, som har fått namnet Sogndal FK Damer.

Igjen takk til alle som har bidrege med dugnad og anna innsats for å skape eit godt breiddetilbod i Sogndal.

Sogndal 02.03.22

Yngve Hallén

-sekretær-

Årsrekneskap 2021

Sogndal Idrettslag Fotball

Org.nr.: 980 973 689

Resultatrekneskap
Sogndal Idrettslag Fotball

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2021	2020
Salsinntekt	4	40 314 317	7 147 575
Anna driftsinntekt		6 793 239	29 907 119
Sum driftsinntekter		47 107 556	37 054 695
Varekostnad	5	9 772 328	3 758 622
Lønskostnad	1, 4	27 983 564	22 176 989
Avskrivning	2, 3	1 488 986	1 242 966
Annan driftskostnad	1	10 811 945	12 251 120
Sum driftskostnader		50 056 823	39 429 697
Driftsresultat		-2 949 267	-2 375 002
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		26	8 450
Anna finansinntekt		8 300	0
Rentekostnad til foretak i same konsern	4	204 979	167 449
Annan rentekostnad		89 986	25 241
Annan finanskostnad		10 620	0
Resultat av finansposter		-297 258	-184 240
Ordinært resultat før skattekostnad		-3 246 526	-2 559 242
Ordinært resultat		-3 246 526	-2 559 242
Ekstraordinære inntekter og kostnader			
Årsresultat	8	-3 246 526	-2 559 242
Overføring			
Overført til udekt tap		3 246 526	2 559 242
Sum overføringer		-3 246 526	-2 559 242

Balanse
Sogndal Idrettslag Fotball

Eigedelar	Note	2021	2020
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedeler			
Aktive spelarrettar	3	1 245 299	3 071 136
Sum immaterielle eigedelar		1 245 299	3 071 136
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	2	66 555	102 360
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	2	229 748	347 083
Sum varige driftsmiddel	2	296 303	449 443
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	4	22 850 000	22 850 000
Sum finansielle anleggsmiddel		22 850 000	22 850 000
Sum anleggsmiddel		24 391 603	26 370 579
Omløpsmiddel			
Varer	5	572 384	559 540
Krav			
Kundekrav	4, 6	3 892 174	1 261 632
Andre kortsiktige krav		2 099 731	3 164 612
Sum krav		5 991 905	4 426 243
Investeringar			
Bankinnskott, kontantar og liknande	7	1 273 391	3 436 139
Sum omløpsmiddel		7 837 679	8 421 923
Sum eigedelar		32 229 282	34 792 502

Balanse				
Sogndal Idrettslag Fotball				
Eigenkapital og gjeld	Note	2021	2020	
Eigenkapital				
Innskoten eigenkapital				
Selskapskapital		25 251 610	25 251 610	
Sum innskoten eigenkapital		25 251 610	25 251 610	
Opptent eigenkapital				
Udekt tap		-10 607 719	-7 361 193	
Sum opptent eigenkapital		-10 607 719	-7 361 193	
Sum eigenkapital	8	14 643 891	17 890 417	
Gjeld				
Avsetjing til plikter				
Øvrig langsiktig gjeld				
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	2 000 000	
Langsiktig konserngjeld	4	7 602 392	5 749 068	
Sum anna langsiktig gjeld		7 602 392	7 749 068	
Kortsiktig gjeld				
Gjeld til kredittinstitusjonar		1 229 870	0	
Leverandørgjeld	4	2 837 890	3 493 979	
Skyldige offentlege avgifter		2 761 982	2 341 318	
Anna kortsiktig gjeld		3 153 256	3 317 721	
Sum kortsiktig gjeld		9 982 998	9 153 018	
Sum gjeld		17 585 391	16 902 086	
Sum eigenkapital og gjeld		32 229 282	34 792 502	

01.03.2022
Styret i Sogndal Idrettslag Fotball

<hr/> Jan Rune Årøy styreleiar	<hr/> Margrethe Svidal nestleiar	<hr/> Venard Fjerve Moe Einar Ylvisåker styremedlem
<hr/> Ingvar Stadheim styremedlem	<hr/> Trude Ramstad styremedlem	<hr/> Andrea Strand Solbakken styremedlem
	<hr/> Ole Erik Grinde dagleg leiar	

INNKOMNE FORSLAG – SAK 3.

Forslag 1:

Sogndal Idrettslag Fotball skal vere pådrivar og ha eit sterkt ønskje om at den divisjonen dei til ei kvar tid spelar i, skal so hovudregel ha sin hovudkampdag i seriespelet lagt til laurdag eller søndag.

Begrunning:

Eg ser i år at TV media får større og større makt over norsk fotball. Dei foreslo allereie i fjor mandag so hovudkampdag, men det klarte supportarane, spelarane og dommarane i godt samspel å avverga. I år er Discovery inne i sin siste sesong so leverandør av norsk herrefotball. Frå 2023 og ut 2028 so skal dette attende på TV2.

Slik det ser ut i 2022 so blir det ein vanskeleg sesong for supportarar/publikum, spelarar, dommarar og alle dei friviljuge so er knytt opp til eit arrangement på mandag kveld.

Vekedag so hovudkampdag vil vere vanskeleg for familiar, folk med reiseveg, friviljuge, spelarar og dommarar, og mest truleg so kolliderar det då med sivil jobb og/eller fritidsaktivitetar.

Difor trur eg at Sogndal Fotball på lang sikt er best tent med at hovudkampdag blir lagt til laurdag eller søndag.

Styret si innstilling:

«Dette allereie er ein del av klubben sin strategi inn mot NTF.

Styret ber årsmøtet å støtte framlegget.»

Forslag 2:

Sogndal Idrettslag Fotball skal vere pådrivar og ha eit ønskje ovanfor overordna organisasjonsledd til å behalde eigarskapen til norske fotballklubbar på medlemmane sine hender. Forslaget går ut på å halde på modellen me har i dag.

Begrunning:

Den internasjonale fotballen opplev ei hyper-kommersialisering so fjernar klubbane frå deira tilhøyrigheit, verdiar og medlemmar. Medlemmar blir sett på so kundar istadenfor so ein viktig del av idretten. Korrupsjonen og sportsvaskinga internasjonal toppfotball opplev, ser me lukkelegvis ikkje i Noreg. Det er viktig å ta vare på mekanismane so tek vare på fotballens eigenverdi.

Ein ny eigarskapsmodell vil etter all sannsynlegheit gå til kamp mot idrettsdemokratiet i Noreg og Idrettsforbundets eigne lover so seier at alle klubbar og foreiningar skal vera eigd av medlemmar. Eg meiner at klubbane skal eigast og styrast av sine medlemmar, og eg meiner at SIL Fotball skal stilla seg negative til å endra eigarstrukturen i norske klubbar. Argumentet om at meir kontroll til investorar so vil spytta inn friske midlar til å utvikla norsk fotball er etter mitt syn underordna verdien av ein idrett eigd og styrt av medlemmane. Det er eit ganske lett verdival i mine auger.

Styret si innstilling:

Styret ber årsmøtet å støtte framlegget.»

Forslag 3:

Sogndal Idrettslag Fotball skal vere pådrivar og ha eit sterkt ønskje om at ligastrukturen forblir slik den er i dag, og vere i mot alle forslag på noko so kan likna eit sluttspel. Ligastrukturen skal vere slik at alle lag møter kvarandre heime og borte.

Begrunning:

Eg meiner innføring av fleire kampar og sluttspel vil ha fleire negative ringverknadar for norsk fotball. Sesongen blir lengre, noko so medfører fleire kampar på vinteren. Kampene i seriespelet får mindre betydning, det blir ein auka fare for strategiske tap slik ein blant anna har sett i Danmark, og konkurranseformatet blir vanskelegare å forstå. Det fins ingen tydelege prov for at sluttspel har hatt den ønska effekten på kvaliteten og interessa for dei nasjonale seriane i Belgia og Danmark, so ofte blir trekt fram. Eg reagerar dessutan på at Norsk Toppfotball prøver å innføre ein modell so blei forkasta så seint so i 2014.

Styret si innstilling:

«Styret ber årsmøtet å støtte framlegget sin siste setning om at alle lag skal møte kvarandre heime/borte. Dersom ligastrukturen skal endrast i framtida, skal medlemmane i klubben få høve til å uttale seg før eit eventuelt forbundsting.»

Forslag 4:

Sogndal Idrettslag Fotball skal vere pådrivar og ha eit sterkt ønskje om at sesongen so hovudregel skal begrensast til å føregå i frå april og til byrjinga av november.

Begrunning:

Det er viktig at fotballen blir spelt når graset er grøntast. Sjølv om fotballen so aktivitet har blitt ein heilårsidrett og mange lag har kunstgras, so er det ikkje slik at toppfotballen bør spelast året rundt. Toppfotballen er i underhaldningsbransjen og avhengig av tilskodarar. Det er ikkje naudsynt for norsk fotball å konkurrera med Klæbo, Johaug og dei andre vintersportstjernene om TV-tid og merksemd. Det er ein tydeleg trend at tilskodartala er lægre jo kaldere det er når kampene spelast. Da vil vera uklokt å spela fotball når interessa er låg og speleforholda er dårlege. Eg vil tru publikum og supportarar kan foretrekka nokre onsdagar i juni, juli og august kontra 2.søndag i advent.

Styret si innstilling:

«Styret ber årsmøte avvise framlegget, då dette kan hindre sportsleg utvikling.»

Forslag 5:

Sogndal Idrettslag Fotball skal ta avstand frå og vere ein pådrivar for at overordna organisasjonsledd, her NFF, jobbar mot at totalitære regimer blir tildelt Europameistarskap(EM) og Verdsmeistarskap(VM) på alle nivå og for begge kjønn. Herunder også land so systematisk bryt med menneskerettigheitane.

Begrunning:

I lys av Qatar-saka, so går inn i fotballhistoria so ein skamplett og tildelinga av U-19 EM for kvinner til Kviterussland, so bør fotballen ta ein fot i bakken og sjå på kva signal ein sender ut til resten av verda. Me kan ikkje ha det slik i idretten vår at land og regimer skal få bruka fotballen til å ta seg godt ut for resten av verda, når sanninga er ei heilt anna. Sportsvasking skal me vere sterkt i mot og det vil me ikkje ha i fotballen. Det samfunnsansvaret skal me ta.

Styret si innstilling:

«Styret støttar intensjonen i framlegget og ber årsmøtet sende det over til styret for vidare handsaming.»

Forslag 6:

Sogndal Idrettslag Fotball er i mot Video Assistant Referee(VAR) i norsk fotball og skal arbeida mot innføringa av VAR gjennom NTF og NFF.

Begrunning:

Forbundsstyret og Norsk Toppfotball har vedteke ein innføring av VAR i Eliteserien frå 2023. Denne endringa er vedteken mellom to Forbundsting og utan den rette demokratiske forankringa ei so stor endring treng. Eg ber om at årsmøtet uttrykker ein prinsipiell motstand mot ei slik endring, og at Sogndal Idrettslag Fotball arbeidar i dei rette fora mot innføringa av denne endringa. Det er det mange grunnar til at vi bør. Eg skal ta dykk kjapt gjennom noko av det so gjorde at eg vart forelska i denne sporten.

Året er 1990. Sogndal er inne i sin andre sesong på Fosshaugane etter å ha spelt på Sogndal Stadion nokre sesongar, men i sin første sesong i 2.divisjon avd A etter nedrykket i 1989. Det er slutten av september på Fosshaugane. Bjørkesida har byrja å mista lauvet sitt. På motsatt banehalvdel står Os. Dei spelar for å unngå nedrykk. Sogndal vil med siger vera sikra opprykk. Nervene ligg tjukt utanpå både spelarar og publikum. Eg er 11 år gamal og me ungane har plass bak dei doble reklameskilta i svingen mot gymnaset. Me står på plankane so held reklameskilta oppe. Os scorar først. Eg trur dei leiar 1-0 til pause. Hugsar ikkje heilt. Det eg hugsar er at me måtte ha 2 mål i 2.omgang for å rykke opp. Me utliknar til 1-1. Det er ein heilt vill boost frå publikum. Me får frispark på 18 meter. Stig Nord klinkar ballen i krysset. Publikum går gjennom taket. Annullert. Dommaren hadde ikkje blese i fløyta si. Neste forsøk blir ikkje like farleg, og Os overlev i denne omgang.

Det nærmar seg slutten, men so blir Steinar Hopen frispelt på rundt 12-13 meter. Han får avslutta. Ballen treff innsida av låret på den storvokste Os-keeperen og trillar mot mål. Her er det ein durabeleg kamp for å koma først på ballen der den no ligg fri på 3-4 meter. Og det blir brukt både armar og føter får å nå ballen. Me ungane er 7-8 meter frå situasjonen. Alt går i sakte film. Ballen går i mål. Fosshaugane jublar i ekstase. Det er kaos inne i målet. 2-3 Sognda-lspelarar og 2 Os-spelarar ligg der. Stian Neset ligg der óg. Han er 16. Han har forsert reklameskilta og blitt med på feiringa. Det er heilt ville tilstandar.

Eg har tårer i augene. Dette er stort. Og dette er det første opprykket eg hugsar detaljar frå. Og so trur eg det var Trond Fylling so scorte. Det var eit salig kaos.

For meg er dette viktig historie, og ein viktig del av fotballen og mitt forhold til Sogndal. Dei aller fleste veit kvar dei var når ein opplev slike hendingar. Det er augneblink som eg vil ha 100 %. Der ein er i nuet . Det var organisk. Det berre skjedde. Dette hadde eg aldri opplevd med VAR. Ikkje fordi at kampen om å rekka ballen først hadde blitt gjort om, men fordi ein alltid vil ha i bakhovudet at det eg opplever kan bli endra.

Av same årsak vil eikvar kjensla ved scoring, offside, straffespark, frispark, raude og gule kort reduserast. Fotballen blir meir mekanisk og mindre organisk. Eg veit ikkje ein gong korleis ein avventande jubel høyres eller ser ut heller? Kanskje det blir attende til 50- og 60-talet med eit høfleg handtrykk ute på bana? La oss vera dønn ærlige. Ingen forelska seg i fotball eller Sogndal fordi den var so rettviss. Mi forelska oss i små og store augneblink av ekstatisk glede, vrede og skuffelse. VAR tek frå oss desse augnablinka. Og du mistar eit stort samtaleemne på arbeid mandag. Eller tysdag? Og det er det ikkje verdt.

Styret si innstilling:

«Styret ber årsmøte avvise forslaget, då VAR allereie er innført og ein del av medieavtalen.»

Sogndal Idrettslag Fotball
Budsjett 2022

Inntekter:

POST 3500 - Reklame og sponsorinntekter	13 000 000
POST 3200 - Billettinntekter	2 700 000
POST 3700 - Andre kamdagsinntekter	995 000
POST 3400 - Medieinntekter	5 050 000
POST 3000 - Medlems- og arr. inntekter	7 925 000
POST 3600 - Spelarsal	6 500 000
POST 3800 - Leigeinntekter	-
POST 3160 - Gåver og andre inntekter	4 950 000
	41 120 000

Utgifter:

POST 4000 - Forsesong	750 000
POST 4020 - Kamp og treningskostnader	2 990 000
POST 4050 - Arrangementskostnader	3 290 000
POST 5000 - Personalkostnader	23 500 000
POST 6000 - Avskrivinger	1 250 000
POST 6100 - Administrasjonskostnader	2 200 000
POST 6200 - Leige av trening og kampfasilitetar	4 620 000
POST 6300 - Drift egne trening og kampfasilitetar	50 000
POST 6400 - Kostnader reklame/sponsorar	340 000
POST 6500 - Salskostnader/kjøpskostnader	600 000
POST 6600 - Andre kostnader, inkl kapital	800 000
	40 390 000

Finansinntekter	5 000
Finanskostnader	- 45 000
Finansnetto	- 40 000

Resultat	690 000
-----------------	----------------

Innsendt lisensnemnda 1.2.22

Årsmøte Sogndal fotball 09.03.2022

Innstillinga frå valnemnda

Valnemnd:

Dagfinn Rude Johannessen (leiar), Tonje Norheim Tangerud og Tor Arne Ness

1.1 Val av styremedlemmar.

Innstilling:

Trude Ramstad er på val og tek attval for 2 år.

Line Bjelde vert innstilt som ny styremedlem valt for 2 år.

Øyvind Heimset Larsen vert innstilt som ny styremedlem valt for 2 år.

Jan Rune Årøy er ikkje på val.

Ingvar Stadheim er ikkje på val.

Einar Ylvisåker er ikkje på val.

Andrea Strand Solbakken er representant for breiddestyret.

Margrethe Svidal tek ikkje gjenvil, valnemnda vil takke for lang og tru teneste i styret.

Rune Timberlid erstattar Kåre Jan Mjelleli i kontrollkomiteen.

1.2. Val av styreleiar

Innstilling:

Jan Rune Årøy er innstilt som styreleiar.

1.3 Val av nestleiar

Innstilling:

Styret konstituerer sin eigen nestleiar.

1.4 Andre fora

Innstilling:

Årsmøte delegerer til styret å velje/oppnemne breiidestyre og velje representantar til ulike fora som organisasjonen har rett til å delta i.